

Europaparlamentets plenums møte 26. - 29. april - covid-19-sertifikat, godkjenning av avtalen mellom EU og Storbritannia og rettsstatssituasjonen på Malta

Brusselbrev fra Per S. Nestande, Stortingets Brussel-kontor

29. april 2021

- *Europaparlamentet hastegodkjente eit forhandlingsmandat om innføring av covid-19-sertifikat for å forenkle reiser mellom EU-landa, men er opptatt av personvern, ikkje-diskriminering og av at ordninga må ha ein sluttdato.*
- *Europaparlamentet ga samtykke til avtalen med Storbritannia, men understreka at dei vil følge nøye med på at avtalen vil bli etterlevd. Von der Leyen lova å involvere Parlamentet i oppfølginga av avtalen.*
- *Ursula von der Leyen fekk støtte etter «sofagate»-besøket i Tyrkia. Tyrkia må betre situasjonen for rettsstat og menneskerettar for at EU skal inngå nye avtaler med landet.*
- *Europaparlamentet er uroa for rettsstatsutviklinga på Malta mellom anna i kjølvatnet av påstandar i samband med etterforskinga på journalisten Daphne Caruana Galizia.*
- *Europaparlamentet vedtok ei rekkje rettsakter knytt til programsamarbeidet i 2021-2027, inkludert forskingsprogrammet Horisont Europa.*
- *Europaparlamentet ynskjer ein global minstesats for selskapsskatt og EU-reglar dersom forhandlingane i OECD om skattlegging av digitale selskap ikkje fører fram.*

Grøne digitale sertifikat

Europaparlamentet drøfta framlegget om såkalla grønne, digitale sertifikat i Europa. Eit stort fleirtal på 540 mot 119 og 31 som avsto ga [samtykke til å starte forhandlingar med Rådet](#) om utforminga av ordninga som skal gjere det lettare å krysse europeiske grenser. Sertifikatet skal dokumentere at ein person er koronavaksinert, har oppnådd immunitet ved å ha hatt covid-19 eller nyleg har testa negativt mot covid-19.

I debatten deltok både det portugisiske EU-formannskapet og justiskommisær Didier Reynders. Begge la vekt på at det er viktig å vedta framlegget raskt og takka for at Europaparlamentet hadde gått med på ein hasteprosedyre. Målet er at ordninga skal kunne gjere det lettare å reise alt i sommar og bidra til sosial og økonomisk gjenreising. Europaparlamentet har mellom anna lagt vekt på at ordninga må vere gratis, bli automatisk oppheva innan 12 månader og ta omsyn til personvernet.

Både Rådet og Kommisjonen er opne for å gjere endringar for å kome Parlamentet i møte, men la også vekt på at mykje av det Parlamentet er opptatt av er ivaretatt i det opphavlege framlegget. Reynders viste mellom anna til at systemet ikkje vil vere basert på sentral lagring av data og at det er lagt vekt på å minimere omfanget av data som skal lagrast. Direktivet vil heller ikkje gje heimel til å innføre nasjonal bruk av sertifikatet til andre formål. Dette må i tilfelle vedtakast separat i det enkelte land. Dersom det ikkje blir innført eit felles sertifikat, risikerer vi nå at kvart land innfører eigne sertifikat som ikkje er gjensidig kompatible sa Reynders. Samstundes er målet at EUs tekniske løysing også sikrar at det kan vere kompatibelt med ordningar i tredjeland. Reynders sa testing bør vere rimeleg og tilgjengeleg for alle, men at ordningane for testing høyrer under nasjonal kompetanse på same måte som andre ordningar for refusjon av medisin og helsehjelp. Derimot er det teke initiativ til felles innkjøp av testutstyr. Dette vil redusere

kostnaden ved testing. Det blir ingen normal sommar i Europa, men sertifikatet vil bidra til å gjere det lettare å reise utan diskriminering eller hindringar.

I debatten støtta hovudinnlegga til alle partigruppene ordninga, og mange la vekt på sertifikatet som eit viktig element i å sikre retten til fri rørsle i EU. Dette er ikkje minst viktig for grensependlarar og andre som bur i grenseregionar. Det er viktig med eit felles europeisk sertifikat for å unngå eit virvar av nasjonale ordningar. Samstundes er det viktig at sertifikatet ikkje blir brukt internt i landa for å regulere tilgangen til offentlege område eller til dømes restaurantar. Mange viste til at sertifikatet ikkje må føre til diskriminering. Det er derfor viktig at det både finnes digitalt og i papirversjon. Testing bør vere gratis for å hindre at enkelte grupper ikkje kan ta i bruk sertifikatet av økonomiske grunnar. Det må heller ikkje vere eit vilkår for å krysse grenser i EU. Europaparlamentet meiner det ikkje bør kunne stillast nasjonale krav om karantene for dei som har sertifikatet. Det meiner også ordninga bør kallast EU covid-19-sertifikat for å kommunisere tydelegare kva dette handlar om.

Blant dei som støtta ordninga var det peikt på enkelte utfordringar til dømes når det gjeld å slå fast om nokon er friske igjen etter å ha hatt covid-19. Det er også viktig å ta omsyn til at nye variantar av viruset kan påverke ordninga. Enkelte var kritiske til heile ordninga og meinte det burde vore satsa på nasjonale sertifikat. Det vart også hevda i debatten at heile vaksinasjonsprogrammet er bortkasta.

Samtykke til handels- og samarbeidsavtalen mellom EU og Storbritannia

Europaparlamentet ga denne veka samtykke til handels- og samarbeidsavtalen mellom EU og Storbritannia, jf. [pressemeldinga frå Parlamentet](#) og [omtale i Stortingets EU/EØS-nytt 29. april](#). 660 røysta for avtalen, medan berre fem røysta mot og 32 avsto frå å røyste. Det vart også vedteke ein [resolusjon om resultatet av forhandlingane](#). Avtalen med Storbritannia som har vore midlertidig i verksett sidan 1. januar i år, kan dermed formelt trå i kraft 1. mai.

Det portugisiske EU-formannskapet, kommisjonspresident von der Leyen og EUs sjefsforhandlar, Michel Barnier, deltok i ein [debatt om avtalen tysdag](#). Dei la vekt på at det nå var viktig å få den formelt godtkjent. Den sikrar rettane til innbyggjarar og næringsliv på viktige område, den sikrar like konkurransevilkår og ikkje minst gjev den viktige verktøy knytt til tvisteløysing og einseitig mottiltak om det er nødvendig. Sjølv om vi vonar å unngå å bruke desse verktøya, vil vi ikkje nøle med å bruke dei om det blir nødvendig sa von der Leyen. Både ho og Barnier understreka kor viktig samhaldet i EU hadde vore for resultatet. Dei viste til at det er viktig å sikre fred og stabilitet på øya Irland. Von der Leyen lova også at Europaparlamentet vil bli involvert når viktige avgjerder knytt til avtalen skal tas og varsle eit forslag til rettsakt om korleis dei tre EU-institusjonane saman skal fatte vedtak knytt til den.

I debatten var det stor grad av støtte til avtalen og semje om at det var viktig å få den vedtatt. Det vart peikt på at det har vore negative effektar og problem på ulike område etter brexit. Noko av dette er overgangsproblem, men noko skuldast også den typen brexit Storbritannia har ynskt å gjennomføre. Mange la vekt på å sikre fredsavtalen mellom republikken Irland og Nord-Irland og på at Europaparlamentet vil følge nøye med på om den britiske regjeringa etterlev avtalen og på situasjonen på Irland. EU vil ikkje nøle med mottiltak om Storbritannia bryt vilkåra i avtalen. Det er

behov for å utvikle samarbeidet mellom EU og Storbritannia vidare på andre områder, ikkje minst knytt til sikkerheitspolitikken. Fleire sa seg leie for at Storbritannia ikkje ynskjer å vidareføre deltakinga i utdanningsprogrammet Erasmus+. Det vart peika på at Parlamentet har godtatt svært kort behandlingstid for ein omfattande avtale. Dette kan ikkje skape presedens for kommande frihandelsavtaler.

Toppmøtet og besøket i Tyrkia – sofagate

Rådspresident Charles Michel og kommisjonspresident Ursula von der Leyen deltok i en debatt måndag om resultatet av toppmøtet i mars og deira felles besøk til Ankara i april. Besøket i Ankara er blitt omtalt som «*sofagate*» etter at von der Leyen vart plassert på sofaen, medan Michel og den tyrkiske presidenten satt i kvar sin lenestol under møtet. Von der Leyen viste til at det ikkje var noko i EUs traktatar som kan grunngje denne forskjellsbehandlinga og at ho derfor hadde konkludert med at det skjedde fordi ho var kvinne. Der og da følte eg meg såra og aleine sa ho. Ho peika samstundes på at medan hennar oppleving var dokumentert og fekk stor merksemd, er det mange tilfelle av diskriminering som ikkje får merksemd. Michel gjentok si orsaking for det som hadde skjedd. Samstundes la han vekt på at han der og da hadde vurdert det som viktig å gjennomføre møte og dermed sikre dialogen med Tyrkia om mange viktige tema. Michel lova å vurdere å opprette ein ny rådsformasjon for likestilling og sa han ville gjere sitt beste for å få vedteke eit direktiv som vil innføre krav om mins 40 prosent representasjon for kvinner i styrer. Både han og von der Leyen la vekt på at dei i møtet hadde tatt opp menneskerettar, situasjonen for opposisjonen og media i Tyrkia, tilhøvet til Hellas og ikkje minst at Tyrkia har trekt seg ut av Istanbul-konvensjonen om å hindre vald mot kvinner.

I debatten var det brei støtte til von der Leyen og mange understreka at Tyrkia ikkje er eit reelt kandidatland. Det er viktig at EU står samla og gjev tydelege signal til Tyrkia om at auka samarbeid, til dømes knytt til ein ny avtale om tollunionen, er avhengig av reelle endringar knytt til menneskerettar og rettsstat. Det vart også vist til at hendinga i Ankara saman med Josep Borrells manglande offentlege kritikk av Russland under sitt besøk i Moskva samla set EU i eit dårleg lys. Sjå også [Europaparlamentets pressemelding om debatten](#).

Rettsstatssituasjonen på Malta

Med eit stort fleirtal vedtok [Europaparlamentet ein resolusjon om rettsstatssituasjonen på Malta](#). Spesielt er Parlamentet opptatt av etterforskinga av drapet på journalisten Daphne Caruana Galizia og relaterte saker som involverer påstandar om korrupsjon og kvitvasking. Mellom anna har det kome påstandar om at regjeringsmedlemmar og folk i staben til den førre statsministeren har forsøkt å hindre etterforsking og skjule bevis. Parlamentet meiner det er behov for skjerpa innsats mot korrupsjon og kvitvasking, og er mellom anna urolege for den maltesiske ordninga der tredjelandsborgarar kan kjøpe statsborgarskap og opphaldsløyve.

Programsamarbeid for perioden 2021-2027

Europaparlamentet gjorde denne veke formelt vedtak om gjennomføringa av ei rekke program for budsjettperioden 2021-2027. Det største er [Horisont Europa](#) med ei ramme på 95,5 milliardar euro. Det er venta at Rådet nå raskt også vil gjere sine formelle vedtak for desse programma. I Noreg har regjeringa lagt fram proposisjonar om deltaking av i alt 11 program som nå er til behandling på Stortinget. [Regjeringa viser i desse proposisjonane](#) til at beslutning om innlemming

i EØS-avtalen av rettsaktene knytt til dei ulike programma fyrst kan skje etter at dei formelt vedteke i EU. Stortinget er derfor bedt om å gje førehandsamtykke til slik beslutning.

Et meir rettferdig skattesystem i ein digital tidsalder

Europaparlamentet meiner det er behov for å [modernisere dei internasjonale skattereglane](#) slik at dei blir tilpassa dagens situasjon. Parlamentet vedtok med stort fleirtal ein resolusjon om dette som innspel til den pågåande prosessen i OECD. Europaparlamentet meiner det er behov for semje om ein global minstesats for selskapskatt og at selskap bør betale skatt der verdiane blir skapt. Dersom det ikkje blir semje i OECD om felles reglar, bør EU utvikle eigne reglar meiner parlamentarikarane.

Oppdaterte reglar for felles lobbyregister i EUs institusjonar

Med stort fleirtal vedtok Europaparlamentet [nye felles reglar med krav om at eksterne aktørarar registrerer seg i et lobbyregister](#). I tillegg til felles reglar skal også Kommisjonen, Rådet og Parlamentet vedta eigne, utfyllande reglar. I vedtaket blir det mellom anna teke til orde for at alle som skal snakke på møter i regi av komitear, tverrpolitisk grupper (intergroups) eller delegasjonar må vere registrert. I tillegg ber parlamentarikarane om at det blir etablert retningslinjer slik at saksordførar og komitéleiarar kan vere trygge på at dei oppfyller vilkåra i forretningsordenen. Dei meiner også at seniormedarbeidarar i Europaparlamentet berre bør møte aktørar som er registrert.

Styrka rettar for jernbanepassasjerar

Europaparlamentet vedtok formelt semja med Rådet om ei forordning som skal [styrke rettane til europeiske jernbanepassasjerar](#). Dette omfattar styrka rettar ved kansellerte eller forsinka avgangar, betre assistanse for folk med funksjonsnedsetting og også betre plass for syklar i toga. Det var i 2017 at framlegget til dei reviderte reglane vart lagt fram.

Med beste helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no